


Menighetsbladet



Tustna



Aure



Stemshaug

Nr 1 2022 47. årgang



Ta godt imot konfirmantane under årets fasteaksjon



Andakten



Av vikarprest Preben Colstrup

Costa nock

Etter at sjømannen hadde bygget og betalt hytta si, satte han opp et maritimt skilt. Costa Nock. Det var ikke tvil om hva han mente om sluttsummen.

En annen gikk ut i en åker. Matteusevangeliet forteller at himmelriket er likt en skatt som var gjemt i en åker. Mannen fant den, dekket den til igjen og gikk med glede bort og solgte alt han eide, og kjøpte åkeren.

Og da er spørsmålet. Kostet skatten alt, eller var den gratis?



Skatten var gratis. Det var åkeren som kostet alt. Sånn er det i Guds rike. I dåpen fikk du en skatt i himmelen som er mere verd enn gull. Skatten er fremdeles gratis, og fremdeles like mye verd, men ikke alle ser verdien. Ta vare på den gode skatten, sier Bibelen. Kostnaden er det som kommer i veien for skatten.

Matt. 13,44

Vi tenner lys for den som er død

Å tenne lys blir eit stadig sterkare symbol i sorga. Frå 1. desember 2021 vart det innført å tenne eit lys og minne den som er død. Dette vil skje under fyrste gudstenesta etter gravferda i den kyrkja vedkomande sokna til.

Vi har utarbeidd ei brosjyre som pårørande får utdelt på sørgesamtalen med presten. Der står det dato der denne handlinga vil skje, og dei pårørande er velkomne til å vere til stades. Vi vil framleis fortsette med å invitere til kyrkje på Allehelgenssøndag i oktober/november, der alle som er døde siste året vil bli minna.

Kyrkjevevja

Kjære pårørande

Vår djupaste medfølelse i sorgen over dykkar kjære

.....
som er gått bort.

Søndag kl. blir de invitert til gudsteneste i..... kyrkje.



Den avdøde sitt namn blir lest opp, og kyrkjelyden deltek i ei kort minnestund.

De vil òg bli innbedne til Allehelgenssøndag i oktober/november, der alle som døde siste året blir minnast.

Alle kan hjelpe - Dugnader 2022

Dugnader planlagt for mai og juni i kyrkja og gravplassane.

Tysdag. 3.5. kl. 13.00 Gullstein kirke

Laurdag. 7.5. kl. 10.00 Aure kyrkje

Tysdag . 10.5. kl. 13.00 Stemshaug kyrkje



Ta med hanskar, utstyr som kantklippar. Ta også med mat til eit felles måltid.

Følg med på www.aurekyrkje.no for evt. endringar på tidspunkt og sted.

Sokneråda

Påskemøte

Palmesøndag, 10. april, kl. 16.00 blir det påskemøte på Aure Misjonshus.

Arr. Indremisjonsforbundet

Avslutningsgudsteneste for Per Eilert

Vår kjære prest Per Eilert Orten går av med pensjon. Velkommen til markering i Aure kyrkje 29. mai 2022 kl. 15.00 til festgudsteneste: Etterlag: Aure misjonshus

Arr. sokneråda

Min salme *Randi Ødegård Vullum*



«Navnet Jesus blekner aldri» er ein song eg har hatt med meg heilt frå eg var lita. Mamma og pappa song han tostemt for meg, med pappa på gitar.

Songen er skriven av frelsesarmesoldaten David Welander i 1922. Han var på eit møte i Armeen i Oslo, og skreiv han på toget på tur heim, inspirert av talaren på møtet. Welander satt om natta og skreiv han ferdig. Kort tid etter stod songen på trykk i Armeen sitt blad Krigsropet. Melodien er Sør-Afrikansk. Først i 1984 kom songen med i kyrkjesalmeboka, men har vore populær på bedehus og i forsamlingshus, og ikkje minst hugsar eg han frå Ønskjekonserten på radio.

Da eg studerte kristendomskunnskap på universitetet i Trondheim og hadde eit emne som heitte *Den historiske Jesus*, vart songen spesielt levande. Gjennom studia vart eg klar over at det ikkje var nokon motsetnad mellom vitskap og tru. Historia fortel sitt, trua treng ikkje bevis – det er trua sitt vesen.

Vers to er eit vers om håp og trøyst, kor hat må vike og vondskap fly. Høgst aktuelt

i dag kor vi opplever ei uroleg verd med krig, naud og mykje lidning. Da fortel songen at vi treng eit fyrlys som kan gi tru, håp, kjærleik og rettferd, og med ønskje om fred i verda.

Når eg treng til ei stille stund for meg sjølv, sett eg på «plata» med SKRUK si innspeling og med Helga Botn som solist. Da blir tekst, melodi og arrangement som ein sterk symfoni, og skaper harmoni og ro.

*Navnet Jesus blekner aldri,
Tæres ei av tidens tann.
Navnet Jesus, det er evig,
Ingen det utslette kan.
Det har bud til unge, gamle,
Skyter stadig friske skudd.
Det har evnen til å samle
Alle sjeler inn til Gud.*

*Navnet Jesus må jeg elske,
Det har satt min sjel i brann.
Ved det navnet fant jeg frelse,
Intet annet frelse kan.*

*Jesu navn! Hvor skjønt det klinger,
La det runge over jord!
Intet annet verden bringer
Håp og trøst som dette ord.
For det navn må hatet vike,
For det navn må ondskap fly.
Ved det navn skal rettferds rike
Skyte friske skudd på ny.*

*Midt i nattens mørke blinker
Som et fyrlys Jesu navn,
Og hver hjelpløs seiler vinker
Inn til frelsens trygge havn.
Og når solen mer ei skinner,
Jesu navn, det lyser enn.
Da den frelste skare synger
Høyt dets pris i himmelen!*

Aure kyrkjelege fellestråd har følgjande stillingar ledig

TRUSOPPLÆRARAR 32% stilling

Vi søker etter deg som har glød for å gje tru, håp og kjærleik vidare til barn og unge. Du får høve til å arbeide med barn og unge frå 0-18 år.

I Aure fellestrådsområde er det tre sokn, Aure, Stemshaug og Tustna. Det er til saman ca. 500 barn i alderen 0-18 år. Det er utarbeidd plan for trusopplæring, der alle tiltaka er starta opp, men du får høve til å utvikle dette arbeidet vidare.

Søklar bør ha relevant pedagogisk utdanning og erfaring. Lokal forankring kan bli vektlagt.

KYRKJELYDSARBEIDAR/SEKRETÆR 38% stilling frå 01.05.2022

Dette er ei kombinert stilling som innehar sekretærfunksjon og sakshandsaming for dei tre sokneråda i fellestrådsområdet, vidare arbeid opp mot diakoniutvalet og besøksteneste.

Elles forefallande kontorarbeid.

Om vi ikkje får tilsett fast prest vil også følgjande stilling bli ledig:

KONFIRMANTLÆRAR inntil 20% stilling frå 15.08.2022

Ansvar for konfirmantundervisninga for konfirmantane i Aure, Stemshaug og Tustna sokn. Konfirmanten på Aure og Stemshaug har felles undervisning. Det er undervisning ca. 2 g. pr. mnd. I tillegg å delta på nokre gudstenester og helgesamlingar Søklar bør ha relevant pedagogisk utdanning og erfaring. Lokal forankring kan bli vektlagt.

Stillingane kan kombinerast.

Vi tilbyr gode arbeidsforhold i eit godt arbeidsmiljø. Søklar bør disponere eigen bil og må vere medlem av Den norske kyrkja. Løn etter tariff.

Søknad kan sendast til Aure kyrkjelege fellestråd, Aursundvegen 147, 6690 Aure el. post@aukeyrkje.no.

Kontaktperson: Judith. Bjørk, tlf 47974784

Søknadsfrist: Snarast



Per Eilert Orten 37 år som prest i Aure



Per Eilert sin tid som sokneprest i Aure er over. 1. desember 2021 sa han opp stillinga si. Med det er ein lang og god tidsbolk for kyrkja i Aure historie.

Han kom hit som ung prest med pågangsmot og friske tankar om kyrkja sin plass i samfunnet i vår tid. Frå første stund engasjerte han seg også på mange andre områder i bygda sitt liv. Vi kan nemna bygdehistorie, kåsør/foredrags-haldar, politikk, idrett. Til saman førte dette til ei brei kontakt-flate som har hatt stor betydning for arbeidet hans som prest.

Noko av det første han tok fatt i var å få til hjelp med kontorarbeidet. Etterkvart vart det ein tenleg administrasjon til å ta seg av den daglege drifta og vera til hjelp for prest og tillitsvalte. Å fylla ut skjema og rapportar osb. var feil bruk av presten si tid.

Gudstenestefeiring på søndag er sentral i tenesta hans. Å samlast søndags førmiddag til felles-skap, bønn, lovsang og forkyning av evangeliet om Jesus var viktig.

For å gjera gudstenesta rikare har sang og musikkrefter vore inviterte for å delta til glede både for aktørane og dei andre som var i kyrkja, konfirmantane har deltatt på ulike måtar og vi har fått kyrkjevertar og medliturgar.

Dåp, dåpsopplæring, konfirmanttid, diakoni og misjon er viktige områder som han ynskter å prioritera.

Vi er viss på at mange foreldre har gode minner frå dåpsamtalar og dåpen i kyrkja. Mange små minnest kanskje første gongen dei var i kyrkja og gjekk oppetter kyrkjegolvet for å få bok og at mor eller far tok dei på fanget og leste i boka når dei kom heim.

Konfirmantane har mange minner frå oppdrag i gudstenesta, undervisningstimer, konfirmantleir på Søvasslia med bibeltimar og «koffertløp», eller det var pilegrimsvandring frå Husaby i Skaun til gudsteneste i Nidaros-omen, derifrå til Pirbadet og til sist pizza med dei greidde.

Folk har fått besøk av presten når dei ynskter det enten det var i heimen eller på institusjon. Per Eilert var også ein pådrivar for å få anleggsprest til Tjeldbergodden under utbyggingstida, noko som lykkast.

Ved dødsfall har han hatt ein egen evne til å gjera både sørgesamtalen og gravferda til ei rik oppleving midt i alt det tunge.

Per Eilert har ført oss gjennom dei ulike tenestene på ein trygg og sikker måte. Alt er gjennomtenkt og utført slik som det er forventta.

Nemast må også det gode samarbeidet mellom kyrkja og dei frivillige organisasjonane både humanitære og misjonsorganisasjonane i tida hans.

Det er med stor takk og djup respekt vi ser tilbake på den tenesta Per Eilert har utført i sin tid som sokneprest i Aure.

Til slutt hans egne ord: « Vi ønskjer å byggje rause fellesskap som utfordrar til tru og teneste gjennom Gudsteneste, kyrkjemusikk og kultur, misjon, diakoni og trusopplæring.»

HELSEING FRÅ SOKNERÅDA I AURE

Kaffepraten med Per Eilert Orten Vi har så mykje å takke for

Takksemd er noko av det Per Eilert Orten uttrykker etter 37 år som prest i Aure. Den same kjensla kjenner nok mange i Aure òg på. Takksemd over å hatt ein prest som har «halde ryktet om Jesus levande», som var svaret han gav då biskopen under ordinasjonen spurte om kvifor han ville bli prest. Takksemd for engasjement for Aure, og ikkje minst engasjement for personane han møtte, i glede og i sorg.

Tekst: Jan Ove Krutvik



Per Eilert Orten med eit av mange konfirmantkull, dette frå 1995. Bilete tatt utom Aure kyrkje. Bilete: Priv.

For Per Eilert Orten er 37 år som prest i Aure no over. Han kan no kalle seg pensjonist. I løpet av desse åra som prest i Aure, har han òg vore aktiv i politikken og i arbeid med lokalhistorie. Her er det mykje interessant ein kan gripe fatt i, men eg rekk nesten ikkje spørje første spørsmål, før han sjølv drar fram det viktigaste etter desse åra.


- Vi har så mykje å takke for. Vi har fått vere her så lenge, møtt mykje kjekke folk. Folk som har tatt i mot, tatt vare på, vist omsorg og delt tru og liv i sorg og glede, fortel Per Eilert.

Vi møter han i stova heime i Hjortåsen. Hit kom han januar 1985. Med mor frå Hemne, og



Per Eilert ved mora sin barndomsheim på Kyrksæterøra.

mange sommarbesøk dit, var han ikkje heilt ukjent i desse traktene. Sjølv vaks han opp på



Sunnmøre, i Vanylven og på Hareid. Å dra til kyrkja på søndagane var viktig for heile familien. Trua har han hatt sidan dåpen.

- Tru er tillit. Tillita til Jesus og kven han er, har alltid vore der. Som liten las eg og hørte historiene om Jesus som hjelpte folket og disiplane. Eg såg korleis Jesus brydde seg og hjelpte. Søndagsskole gjekk eg ikkje på, eg syntest dei andre ungane der var så barnslege. Det seier kanskje mest om meg, ler han.

Per Eilert likte seg godt i kyrkja. Han likte seg på bedehuset òg, men likte best det føreseielege i gudstenesta. Foreldra tvang han ikkje til å bli med i kyrkja, men han opplevde ei forventning om at han skulle bli med. Som ung tenkte ikkje Per Eilert særleg på om han skulle bli prest. Han syntest ikkje alle prestane dei hadde då han var ung, gjorde særleg inntrykk. Men så starta han på tenkje på at han hadde personar i slekta som gjekk så ofte i kyrkje eller bedehus.

- Kanskje kan eg gjere trua meir alminneleg om eg vert prest, undra han. Det er viktig at folk opplever at trua er for alle slags menneske, fortel han.

Snakk med, ikkje om

Då Per Eilert og familien flytta frå Vanylven til Hareid, oppdaga han at det var visse kulturelle skilnader. På Hareid samarbeidde dei mange kristne organisasjonane godt, og alle gjekk i kyrkja, uansett kva organisasjon dei rekna seg til. Det var òg andre skilnader, slik Per Eilert opplevde det.

- I Vanylven heldt folk meir trua og tankane inni seg. I staden for å snakke direkte med dei det

gjaldt, kviskra folk seg i mellom. På Hareid var folk meir direkte. Var det noko folk var ueinige i, tok dei det direkte med den personen det gjaldt. Dei snakka med, ikkje om. Eg har opplevd folk i Aure òg som greie til å sei i frå på ein fin måte. Dei seier oftast beint fram kva dei meiner om det meste, seier han.

Dette oppfattar eg som viktig for Per Eilert, både innan politikken, i kyrkje- og trusliv og elles overalt. Vi kan gjerne vere ueinige, men vi må vere reielege og lyttande, og ha respekt for kvarandre. Dette kjem vi innom fleire gonger i løpet av intervjuet. Det er ikkje berre i politikken vi må tole å vere ueinige, men òg i kyrkja og på bedehus.

- Det er viktig at ingen blir hetsa, men at alle får seie kva dei meiner. Dette må òg gjelde dei som står for eit tradisjonelt bibelsyn. Samtidig er det viktig at alle ordlegg seg slik at det ikkje blir vanskeleg for andre. Vi må ha respekt for dei som ikkje er einige i det vi meiner, og iallfall ikkje bli personleg dømande. Det sentrale i trua bind oss saman. Vi kan vere ueinige og forstå ting forskjellig. Truvedkjenninga samlar oss. Eg som eit vanleg, syndig menneske treng Jesus som bror, frelsar og ven. Jesus er glad i alle, seier Per Eilert.



Per Eilert er redd for at fleire av dei tidlegare prestane i Aure har fått ufortent dårleg ettermæle. Dei vart ikkje forstått etter kva dei ønskte å formidle. Han held fram kor viktig det er at vi tar kvarandre i beste mening.

- Dei har gjort sterkt inntrykk på meg, alle dei som har kjent til ulike forhold, men som ikkje har prata ned personar, men har støtta opp og tatt ting i beste mening. Eg blir rørt av den haldninga enkelte har vist. Dei utfordrar meg til å bli betre til å ta ting i beste mening, til å seie noko positivt. Det trur eg Jesus ynskjer. Nokre gonger må vi ta opp ugrie ting, då gjer vi det på tomannshand, og snakkar ikkje med andre om det, ynskjer Per Eilert.

Politikken

Per Eilert Orten har vore politisk aktiv i Aure sidan 1990, mellom anna som kommunestyrerepresentant for Venstre.

- I politikken må ein finne ut kva saker ein vil vektlegge mest, og så finne det partiet som pas-

Per Eilert Orten

- Fødd 22. august 1954 på E.C. Dahl stiftelse i Trondheim.
- Døypd i Hemne kyrkje.
- Gift med Anny.
- To døtrer, to barnebarn.
- Kom til Aure januar 1985.
- Oppkalla etter bestefedrane Peder Elias og Georg Eilert.
- Fekk Nordmøre Historielag sin Kulipris i 2014.

sar best. Ein finn ingen perfekte parti. Lokalt er det kanskje mindre skilnad på partia enn på landsplan. I politikken handlar det om å finne ei rettferdig fordeling og gjere gode prioriteringar. Det er ikkje snakk om himmel eller fortaping, fortel han.

Per Eilert synast Aure har hatt gode ordførarar, og har opplevd eit godt samarbeid. Som politkar har han mellom anna opplevd kommunesamanslåing mellom Tustna og gamle Aure.

- Både Hans Lauritzen og Ingunn Golmen var gode ordførar for nykommunen.


Når eg spør om han hugsar noko som har vore vanskeleg politisk, trekk han fram vindmølledebatten. Den førte til sterke frontar lokalt.

- Det var ei vanskeleg sak, då det vart så sterke følelsar i saka. Det var ikkje lett å få til eit skleg ordskifte når folk med ein gong vart sette i bås, seier han.

Historie

Per Eilert har teologisk embetseksamen frå Menighetsfakultetet i Oslo. Han har òg hovudfag i historie frå universitetet i Trondheim, han har òg studium i nordisk og andre fag. Han fatta òg etter kvart interesse for Aure si historie. Går vi tilbake til tida Noreg hadde erkebiskop, frå 1153 til reformasjonen i 1537, var Aure kyrkje ei av tre ekstra viktige kyrkjer på Nordmøre.

- Då var det berre svært dyktige, lærde prestar, som var ekstra opptekne av å få evangeliet ut,





som fekk bli prest i Aure, Tingvoll og Stangvik. Prestane her fekk større ansvar og betre løn. Etter reformasjonen var det ikkje slik lenger, fortel han.

Historieinteressa har òg resultert i to bind av Bygdabok for Aure.

- Det har vore interessant å sjå skilnadene mellom bygdene i Aure. Særleg var det skilnader for bilvegane kom, synast han.

Idrett

Eg må skrive nokre setningar om idrettsmannen Per Eilert til slutt. I studietida sprang han mykje. Han sprang gjerne rundt Bygdøy fire gonger i

veka, ein trase på kring 15 km. På fleire av sine løpeturar og byturar møtte han faktisk på kong Olav.

- «Ver helsa, konge!» ropa eg. Han svara ofte litt forfjamsa «Ja, ja vær hilset, ja.». Eg hugsar òg eg deltok på studentmeisterskapen på Bislet. Det kunne vere eit par hundre deltakarar, så vi som sprang fortast måtte springe yttersving alle rundane for å kome forbi alle som var med, ler han.

Han har hatt sine treningsturar her i Aure òg, men visste du at Per Eilert Orten er «regjerande» sunnmørsmeister i landevegsløp? Han vann siste gong det var arrangert, i 1984. Landevegsløp var på 25 km, men er no bytta ut med halvmaraton (21,1 km) eller maraton (42,2 km).

- Fram til eg vart ordinert sprang eg mykje. Då eg skulle delta på landevegsløp på Sunnmøre, var det ingen der lenger som kjente til meg, som studerte i Oslo. Mange av dei tidlegare meistrane deltok, og lurte nok veldig på om han her ukjente karen kunne halde ut heile løpet. Eg heldt ut, og vann. Det var siste gong det vart kåra landevegsmeister på Sunnmøre. Det er eg stolt av, seier gamlepresten vår, Per Eilert Orten.

Eg vil avslutte intervjuet slik eg starta.
Vi har så mykje å takke for.



MÅLING AV STEMSHAUG KYRKJE

I 2022 blir Stemshaug kyrkje måla

Aure kommune har løyvd eit tilskott for inneverande år. Og ilag med eige fond får vi realisert dette prosjektet. Stemshaug kyrkje vart bygd i 1908. Dette er ei langkyrkje bygd i stavkyrkjestil. Fargen er plommeraud med grøne listverk. Heile kyrkja vart sist måla av Orkdal malerforretning AS i 2003. Etter dette har vi gjennomført delvis måling av Stemshaug kyrkje med eige personell. Dette arbeidet vart gjennomført i åra 2015-2017, på vår og haust. Etter den tid har det ikkje vore kapasitet. Og vidare har heller ikkje vore dei tidlegare åra vore ideelt for måling på vår og haust, når eige personale har høve til slik type arbeid. Sommarsesongen er belagt med klipping på gravplassane.

Det er spesielt vegg mot nord, og tårn på kyrkja som sær svært ille ut, og forfallet har forverra seg svært dei to-tre siste åra. Iflg. Handverkar er det ikkje noko spesielle teikn til råteskadar enda, men det er på høg tid å få måla heile kyrkja på nytt. Vi har tidlegare hatt problem med at målinga blir blærete, og flassar av etter nokre år. Fagfolk uttala at det har med at det er bruka linoljemaling tidlegare, og mala med drygolin oljemaling oppå. Vidare seier dei at mørk maling versa lys maling, vil blære p.g.a. oppvarming ved sterk sol.

Kyrkjeverja fekk inn to tilbod på måling av Stemshaug kyrkje hausten 2021.

Fellesrådet vedtok at tilbodet gjekk til Vanquish Visitas AS (Moss) samarbeid med Kristiansund Boligstyling ved Pål Sandnes Dei vil starte opp arbeidet i medio mai mnd. Entreprenøren vil også ta på seg reparasjonsarbeid av treverk, og tak om noko blir oppdaga undervegs i arbeidet.

Vi ser fram til å sjå Stemshaug kyrkje nymåla og fin.

Kyrkjeverja



Word of God Narva – 30 år i 2021

Sokna *Word of God* i Narva, Estland, som kyrkjene i Aure har støtta i mange år, fylte 30 år i 2021. Den 31. oktober for å vere presis. Pastor Vladimir Sednev har sendt nokre ord og nokre bilete.

Takk frå Pastor Vladimir Sednev



Vi er takksame for dykkar stønad. Desse åra (2020 og 2021) har vore strevsame for kyrkja vår økonomisk. All stønad er vi svært takksame for, til vår forkynning og vår by. Må Gud velsigne dykk og dykkar kyrkje! Med takk.

*Vladimir Sednev
Pastor*

Diakoniutval sendte NOK 5 000 i desember til bruk for å ivareta barn og unge. Pengane er mottatt og har blitt brukt på

julegåver til barn med funksjonsutfordringer:

Takk for julegåve!

Kjære venner. Vi ønskjer å takke dykk for stønad til Juleprosjektet i Narva. Vårt kyrkjeteam dro til barn med funksjonsutfordringer. Denne spesielle organisasjon med 31 funksjonsutfordra barn fekk 31 julegåver og eit spesielt juleprogram. Barna og foreldra, og leiarar var svært glade og takksame.

*Vladimir Sednev
18. januar 2022*





Kunstutstilling i det gamle kommunehuset

Det blir kunstutstilling til støtte for menighetene i Aure i det gamle kommunehuset i Aure. Ved eventuelt salg vil deler av summen gå til menighetene. Det er fungerende prestevikar Preben Colstrup som har med seg noen av sine verker til Nordmøre. Han har dessuten utfordret årets konfirmanter til å male Trosbekjennelsen, noe som ga meget gode resultater, synes han.

Han forteller at han i en samtale med en ekspert i kreativitet, fikk spørsmål om det var noe kreativt i Bibelen. Da hadde han henvist til side en der det står:

I begynnelsen skapte Gud himmelen og jorden.

Prebens verker presenteres i både innrammet og uinnrammet form og finnes i olje, akryl, akvarell, pastell og gicleè.



Åpningstider

Mandag 11. april 1500 – 1700

Tirsdag 12. april 1500 – 1700

Onsdag 13. april 1200 - 1400

Årets konfirmanter

Maren Elise Søyseth, Tustna,	Gullstein	08.05.2022
Håkon Aukan, Tustna,	Gullstein	08.05.2022
Siri Birgitte Flatø Golmen, Tustna,	Gullstein	08.05.2022
Martin Dahle Sandvik, Tustna,	Gullstein	08.05.2022
Nele Strobel, Tustna,	Gullstein	08.05.2022
Natalie Engvik, Tustna,	Gullstein	08.05.2022
Wellete Tustna,	Gullstein	08.05.2022
Hanna Alette Strømsholm		
Follestad, Tustna,	Gullstein	08.05.2022
Jannicke Pedersen, Aure,	Aure	15.05.2022
Johannes Bertin Finset, Aure,	Aure	15.05.2022
Amalie Jonsen, Foldfjorden,	Aure	15.05.2022
Thea Alexandra Langtinn, Foldfjorden,	Aure	15.05.2022
Pernille Ormbostad Rønne, Aure,	Aure	15.05.2022
Vetle Erlandsen Engdal, Vihals,	Aure	15.05.2022
Markus Dromnes Glomstad, Aure,	Aure	15.05.2022
Emil Tøndel Sæternes, Foldfjorden,	Aure	15.05.2022



Tobias Leenen, Aure,	Aure	15.05.2022
Edvard Acunsion Bugen, Lesund,	Aure	15.05.2022
Magnus Espetvedt Knutsen, Kjorsvikbugen,	Aure	15.05.2022
Saron Tesfay Weldelibanos, Lesund,	Aure	15.05.2022
Sara Metliås Jenssen, Aure,	Stemshaug	22.05.2022
Mari Ulfsnes, Vihals,	Stemshaug	22.05.2022
Malin Lyngvær, Kjorsvikbugen,	Stemshaug	22.05.2022
Jan Ivar Heggglund-Hjelen, Kjorsvikbugen,	Stemshaug	22.05.2022
Kristoffer Hjelanæs, Aure,	Stemshaug	22.05.2022
Eirik Våg, Kjorsvikbugen,	Stemshaug	22.05.2022

Konfirmantar i 1972

Har du bilete av konfirmantane i Aure, Stemshaug eller Tustna frå 1972, så ta kontakt med kyrkjekontoret.

TUSTNA

Marit Borge
Eli Oddrun Brevik
Anne Inger Bekken
Gerd Johanne Johansen
Ase Annlaug Nygård
Åse Pauline Rovik
Ingfrid Helen Sagvik
Ingunn Merethe Soleim
Kari Olea Soleim
Per Gunnar Alsvik
Roger Aunvik
Alf Arild Bekken
Inge Malvin Fikkan
Gunnar Fjærvik
Magnar Fjærvik

Steinar Olav Gjostøl
Ingebrigt Haltbakk
Ronald Johan Kristensen
Nils Ole Klevjer Kristiansen
Tor Ole Lervåg
Halvor Reiten
Erling Arne Todal
Sverre Lervik Ødegård

AURE

Geir Morten Gudvangen
Asbjørn Magne Kalvik
Ove Leander Kalvik
Hans Melland
Erling Moe
Olav Saltrø

Odd Magne Sandvik
Helge Torset
Jan Torset
Johannes Torset
Ole Torset
Gunnar Endre Vingsnes
Lars Johannes Vingsnes
Bjørn Aakvik
Olav Thevik
Eva Engdahl
Anne Birgitte Ertvaag
Gunvor Torhild Fuglevåg
Janne Gridsvåg
Gerd Bodil Hauge
Solfriid Hjelen
Eli Helle

Synnøve Kalvik
Signe Jorunn Kjønnøy
Tove Kristin Maridal
Berit Næss
Anne Strand
Ann Vigdis Sletta
Aud Hanne Sletta
Jorunn Annie Sletta
Gudrun Vaag
Klara Vaag

Konfirmert i Vinje kirke, Hemne, 22. mai 1972

Arne Olav Rodal
Marianne Fjoseide

STEMSHAUG

Svein Gudmund Bakk
Kjell Ove Bakk
Ivar Dromnes
Emil Skar
Ove Jøran Solli
Anders Ulfsnes
Einar Wigum
Aud Fævelen
Solveig Wigum

Bårevogn på Gullstein

I samband med gravferda etter Modulf Aukan, ønska familien at minnegåva skulle gå til innkjøp av bårevogn til Gullstein.

Tustna menighetsråd gjorde vedtak om at Gerhards Enge sitt fond skulle dekke den



resterande kostnaden. Familien Aukan har vore behjelpelig med både bestilling og fått frakta bårevogna til Gullstein. Det er Alf Kvam mekaniske verkstad i Rindal som har produsert vogna. Ingrid Kvam er dagleg leiar og har teke over faren sitt sveisefirma. Modulf var også sveisar med eigen bedrift, Aukan landbruk og mek. verkstad, så det var ekstra kjekt med ei gåve i han si ånd! Gunnhild Meisingset har bakgrunn frå svigerforeldra sitt gravferdsbyrå, og saman har ho og Ingrid funne gode løysningar. Dette er ei gåve vi trur kjem kyrkja til nytte. Bårevogna har to faste hjul og to svingbare hjul.

Vi er svært takksame for denne gåva. Det har lenge vore behov for ei slik investering på Gullstein. Det kan mange gonger vere både langt og tungt å bere kista heilt fram til gravstaden.

Kyrkjeverja

Prestevikar med noko attåt

Foglarna vet, heter det, og kanskje er det noe i det. Det var nemlig en lundefugl som satte prestevikaren på sporet. Predikanten, jernbanemannen, barnebladredaktøren og billedkunstneren hadde tegnet en lundefugl og lagt den ut på Facebook. Dette så prosten i Sandnessjøen, og kort tid senere var Preben Colstrup prestevikar på Helgeland.

For tiden er han fungerende prest i Aure. Han har lært å lyse velsignelsen på samisk og lærer konfirmantene å male trosbekjennelsen.



- Jeg er ikke prest av utdanning, men jeg er prestefar, sier han og gjør oppmerksom på at han ble prestefar før han ble bestefar. Det er beviset på at hans kone har hatt en prest i magen en gang.

Mandag til onsdag i den stille uke vil han

stille ut malerier, tegninger og gicleèer for salg i det gamle kommunehuset i Aure til støtte for menighetenes arbeid. Det blir ofte en pause i den stille uke, og pausene er noe av det viktigste i kunsten, mener han. Bøker uten pauser blir tunge å lese, prekener uten overraskelser fører menig-

heten inn i søvn og arrangementer uten et avbrekk i en eller annen form blir sjelden husket som annet enn kjedelig. Selv Vårherre hvilte på den sjuende dagen.

Han stortrives blant nordmøringene og i det landskapet han befinner seg i for tiden. Han arbeider i et fantastisk godt fellesskap på kontoret og i menighetsrådene. Organisten med det store hjertet, Alexey Kurbanov gjør gudstjenestene og institusjonsandaktene til en fest. Den 75 år gamle gospelkorlederen får virkelig støtte når han ønsker å fremføre sitt budskap med piano eller orgelakkompagnement. Han sender en spesiell hilsen til sokneprest Per Eilert Orten, som har vært en sentral skikkelse i menighetsbyggingen i Aure, Stemshaug og Gullstein gjennom to generasjoner.

Judy Rangnes

Det blir utstilling på Averøya lørdag 2. og tirsdag 5. april i Klippen vis a vis kirkene på Kvernes. Utstillingen støtter menighetens arbeide.

En drope vatn gjev håp i tørken

Alt Takondwa Phanga (26) tar i spirar og gror, og det går gjetord om den flinke agronomen i mils omkrins. Sjølv har han berre eit mål og det er å dele raust med kunnskapen sin, slik at småbønder kan kome seg ut av fattigdom og svolt.

Av: Anette Torjusen Foto: Håvard Bjelland

Tørke skaper akutt svoltkrise for millionar av menneske kvar einaste dag.

Eit håp kan byrje med ein drope vatn. Det kan gje ei framtid utan svolt, fattigdom og konflikt. Vatn kan endre eit liv, ein landsby og eit land. Vatn er livsviktig. Ein av dei som ser det kvar einaste dag er agronom Tankondwa Phanga. Vi er i landsbyen Chingagwe i Malawi, der tolv småbønder får opplæring i moderne jordbruk. – Her hjelper eg småbønder med å få høgare kvalitet på avlingane sine slik at dei kan hauste meir og samstundes auke inntektene sine, fortel han.

Prosjektet starta i desember 2020, og allereie eit år seinare har bøndene tredobla inntektene sine. Sjølv gjev han opplæring i 17 område. Målet er å få småbønder ut av fattigdom og svolt, samstundes som dei utviklar seg som bønder. I Malawi lever 80 prosent av landbruk, og så mange som fire millionar menneske manglar tilgang til vatn.

Dei tolv bøndene vi møter i dag, har investert i eit sett med kvalitetsfrø, eit vatningssystem og gjødsel. I tillegg lærer dei seg gode metodar for å utvikle jordbruket sitt.

– Jobben min er perfekt for meg. Lidenskapen min er å hjelpe bønder til å utvikle seg slik at dei kan få betre resultat. Gjennom jobben min kan eg vere med på å gjere ein forskjell.

Det tradisjonelle jordbruket skaper stort press på både jorda og vassressursane. Dei moderne jordbruksmetodane, som gjev større og sikrere avlingar på mindre areal og brukar mindre vatn, er utilgjengelege for småbønder i verdas fattigaste land. Både irrigasjonsutstyr, frø og kunstgjødsel blir berre selde i store kvanta. Bøndene manglar utdanning og dei færraste har råd til å investere.

Bønder som brukar moderne jordbruksteknologi, slepp å hente vatn i brønner og elver. I staden for fyller dei ei bøtte med vatn, som er koplå til to slangar. Slangane har små hol, slik at vatnet pipar ut og gjev ei jamn vatning av grønsakene. Bøndene kjøper seg ei startpakke som består av kvalitetsfrø, eit irrigasjonssett og gjødsel. Eit slikt sett kostar rundt 100 kroner. Før måtte dei hente vatn fleire gongar om dagen slik at plantene fekk nok vatn. Takka vere



Tenner håp: Takondwa Phanga er agronom og brukar yrket sitt til å få bønder i Malawi ut av fattigdom.

irrigasjonssystemet, får plantene vatnet dei treng. Ofte kan det vere trøngt om plassen i landsbyar og hagar, difor er også plassutnytting eit viktig tema Phanga lærer bort. I staden for å plante ei rad med tomatar, brukar dei same plassen til å dyrke to rader. I tillegg får bøndene ei innføring i kva grønsaker som eignar seg best å dyrke og korleis dei best bør lagrast slik at dei kan auke inntektene sine.

– Bøndene som er med i prosjektet har tent nok til å kjøpe seg ein hønsegard, skoleuniformer eller sende barna på skole. Dei har også nok mat til heile familien. I tillegg kan vi sjå at dei kjøper meir land og på den måten utvidar jordbruksarealet sitt, forklarar han. Etter at bøndene vart med i prosjektet, kan agronomen sjå stor forskjell i liva til folk.

– Bøndene og familiene deira har no enkel og føreseieleg tilgang til grønsaker. Dei har auka inntektene sine og dei investerer vidare. Før hadde dei kanskje ingen eller lite pengar. No har dei ei stabil inntekt, som syter for næringsrik mat på bordet kvar einaste dag.

Denne endringa gjer at han har tru på framtida. – Målet mitt er å få andre til å sjå korleis dei sjølv kan endre liva sine. Som nyutdanna håpa eg at eg skulle få oppfylt draumen min om å jobbe i Kyrkjias Nødhjelp. No gjer eg det, og det gjer meg glad og takksam. Måten Kyrkjias Nødhjelp jobbar med lokalsamfunn på, er riktig og viktig. Eg er veldig stolt over at eg får vere med på å forandre verda.



Avslutning for Per Eilert



Staben på kyrkjekontoret hadde avslutning for Per Eilert 22.03.22, som har vore presten vår gjennom 37 år. Gamle og noverande kollegaer var samla for å takke han av. Vi er veldig takksame som har hatt ein så solid prest som kollega



igjennom så mange år. Det blir vanskelege sko å fylle. Det var ei triveleg stund med god mat, talar og overrekking av gåve. Gåva var eit fint bilde tatt av Magnar Lien, frå Ormsetfjellet med utsikt utover Aure sentrum.

Tilsette framførte også ein song til Per Eilert, som var skrevet for anledninga av prestevikar Preben Colstrup.

Kyrkjeverja

Visitas III 22. mars 2022

Visitas betyr tilsyn, besøk eller tilsyn. Biskopen kjem på besøk og ser på korleis vi har det.

Visitas I skjedde 25. august i 2020. Då vart mykje planlagt. Visitas II skulle ha skjedd i november 2020, men biskopen vart sjuk. Det vart forsøkt gjennomført i januar 2021, men koronasituasjonen førte til at det vart avlyst. Så fekk vi det til 8.-13. juni, på tredje forsøk.

Då det endeleg skjedde, vart mange ulike besøk og møte gjennomført i kommunen. Visitas II vart avslutta med biskopen sitt visitasforedrag 13. juni. Det vart framført i Aure misjonshus rett etter visitasgudstenesta i Aure kyrkje.

Visitas III handlar om å følgje opp råda, og

å følgje opp innhald frå visitas II.

På føremiddagen hadde prost Sindre Stabell Kulø møte med tilsette.

Kl. 16.00 same dag vart det visitasmøte III, med 20 frivillige og tilsette frå våre tre sokn. Då snakka vi om minne og inntrykk frå visitas II, rekruttering, ei evt. diakonstilling, og planer for framtida, inkludert feiring av Aure kyrkje 100 år gammal i 2024 (24. oktober). Vidare snakka vi om korleis vi kan ta imot flyktningar på ein god måte når dei kjem til Aure.

Vi takkar prosten Sindre Stabell Kulø og alle som deltok, for ein vel gjennomført visitas III.

Judy Rangnes



Velkommen til Bibelsertifikat


**Vi inviterer alle 5. klassingar i kommunen til å ta Bibelsertifikatet
Tysdag 5. april kl. 17-18.30 i Raudstua (prestgarden)**

Ta med bibelen som du kanskje har fått utdelt i kyrkja. Viss ikkje, kan du få den når du kjem på Bibelsertifikatet.

Vi inviterer 5. klassingane til bibelarbeid i lag med ein av fadrane sine eller ein anna voksen. Når dei har løyst oppgåvene får dei eit sertifikat som bekreftar at dei har lært seg å slå opp i Bibel/ NT og finne svar på enkle spørsmål Det blir servering av vaflar og pølse m/brød.

Har de spørsmål kontakt: judith@arekyrkje.no tlf. 71646251

Velkommen til bilsertifikatet!



SJØSIDEN

FRISØR

Bente L.
Kristiansen Istad
Mjosundet
Telefon 479 55 426



H. Aukan

Regnskapskontor AS

Tlf 71 64 40 40 – 6698 Lesund

Økonomisk rådgivning –
Regnskapsføring
Skattespørsmål
VI HJELPER DEG!!

Vi arrangerer

- * Barsed p
- * Konfirmasjon
- * Bryllaup
- * Bursdager
- * Minnesamv r
- * Catering



Tlf 716 46 238



**BERTELSEN
GRAVFERD**

72 45 25 37 – Døgnvakt
www.bertelsen-bgr.no

Bertelsen Gravminner
41 77 05 10

*Bertelsen gravferd
vinner av Næringsprisen i Heim 2020*

COOP

vikhals

Dagligvarer, bensin, diesel

6697 Vihals – Tlf 71 64 56 45



BYGGtorget
BYGGVAREHUSET TENNHAUGEN AS

Har du byggeplaner?

Vi er forhandler av Husmenyen
og Hyttemenyen

Vi forhandler:

- Arbeidsklær og verneutstyr
- Hus, hytter og garasjer
- Kjøkken, bad og garderobe
- Lås og beslag
- Maling, tapet og gulvbelegg
- Parkett og laminat
- Trelast og byggevarer
- Verktøy og redskaper
- Vinduer og dører

Gode tilbud på impregnermaterialer.
Varebringning etter avtale.

Åpningstider:
Mandag - fredag: 07:00 - 17:00
Lørdag: 09:00 - 14:00

Adresse: Tennhaugen Industriområde,
6699 Kjorsvikbugen
Telefon: 71 64 53 20 - Faks: 71 64 53 21
E-post: byggvarehuset@c2i.net

BUNNPRIS

Aure

09 - 22 (20)

Tlf 71 64 62 70

**Skipnes Mek.
Verksted AS**



6697 Vihals
Tlf 71 64 56 41
Faks 71 64 56 67

**Blomster og gaver
i Aure!**

- sesongens blomster og planter
- spennende gavebutikk
- busker, trær, stauder.

Vi bringer!

	Vi leverer alt til begravelser i Aure og Stemshaug. Frakt kr 50,-	ÅPENT
		ma-to 10-17
		Fre 10-18
		Lør 10-15

Velkommen til Vihals
Flora Idé AS

– Jøran Ulfsnes-Skar –
gartner og dekoratør
Tlf 716 46 500 – 926 81 668

AURE BIL OG FRITID

Din naturlige samarbeidspartner ved
kjøp og service på:

- Bil
- Båt og båtmotor
- Caravan
- ATV
- Tilhenger
- Skog- og hageprodukter
- Verksted for bil, caravan, marine,
ATV, landbruk, småmaskiner,
EU-kontroll + + +
- Bilpleie
- Karosseri/lakk

Ta Kontakt med oss for en hyggelig
handel.

Tlf: 48 48 83 48
E-post: post@aurebilogfritid.no
Nettside: www.aurebilogfritid.no
Facebook: Aurebilogfritid

**Klær
Strand
AURE**

**Nybygg, rehabilitering, mur-
og betongarbeider, puss-
og flisarbeider, kjerneboring,
betongsaging, graving.**

Glamstad Bygg as
6690 Aure Tlf. 71 64 66 80

Utdrag frå Årsmeldinger 2021

Tustna menighet 2021

Medlemar

Ingrid Aukan leder, Linda Målen nestleder, Gunnar Birger Guldstein medlem, Anne Marie Moltubakk medlem, Dag rune Myrmedlem, (har vært fritatt i perioden.) Einar Ørbog medlem, per Eilert orten medlem, Ester Kvitland Indergård, varamedlem, Bjørn Joar Bjørgen varamedlem

Råd og utvalg, medlemmer og gjøremål i 2021:

Fellesrådet: Gunnar Guldstein og Linda Målen.

1. vara: Anne Marie Moltubakk, 2. vara: Ingrid Aukan

Kirkemusikalsk utvalg: Anne Marie Moltubakk og Ingrid Aukan.

Vara: Linda Målen. Det har vært gjennomført to møter.

Konfirmantutvalget: Ingrid Aukan, Gunnar Guldstein. Einar Ørbog varamedlem.

Det ble arrangert en konfirmantsamling i villmarksleiren på Tustna for å erstatte konfirmantturen.

Trosopplæringsutvalget: Ester Kvitland Indergård og Einar Ørbog.

Det har vært lite aktivitet det året som har gått.

Gudstjenesteutvalget: Linda Målen og Gunnar Birger Guldstein.

Menighetsbladet: Einar Ørbog og Anne Marie Moltubakk.

Menighetsrådet valgte å videreføre ordningen med å kjøre ut bladet selv.

Kirkens nødhjelpskontakt: Ingrid Aukan Diakoniutvalget: Anne Marie Moltubakk og Linda Målen.

Vara: Gunnar Guldstein..

Møter og saker:

Menighetsrådet har hatt 4 møter i 2021 og har behandlet 45 saker. Det ble også avholdt et felles menighetsrådsmøte i Aure misjonshus 24. oktober.

Saker vi har behandlet i 2021:

- Planlegging og gjennomføring av bispevisitas
- Planlegging av minnelund. Dette er et samspill mellom et eget utvalg, Tustna helselag og Aure kommune.
- Befaring og planlegging av ny beplantning, bestilling av busker til kirkegården.
- Menighetsrådet stemte nei til forslag om ny, kirkelig organisering
- Ny lov fra 01.01.2021, Tros- og livssynssamfunnslov
- Menighetsarbeidet har så smått begynt å komme tilbake til normalt etter to år preget av pandemi.

Tustna, 10. mars 2022

Ingrid Aukan (leder)

Stemshaug sokn 2021

Soknerådet har bestått av følgende medlemmer:

Kåre A Johansson leder, Ann-Mari Ulfsnes nestleder, Brit Nilsen medlem, Arve Goa medlem,

Åsmund Almlie medlem, Emil Skar medlem, Per Eilert Orten medlem Irene Mæhle varamedlem, Hanne Marit Dyrnes, varamedlem.

Styret hadde i 2021 fire møter og behandlet 40 saker. I tillegg kom fellesmøter med Aure og Tustna som ble arrangert på bedehuset som en del av visitasen.

Arbeidet i soknet ble i 2021 sterkt påvirket av pandemien og sokneprestens sykemelding. Dette merkes på statistikk og økonomi med totalt 12 gudstjenester i 2021.

Konfirmantarbeid.

Det var 8 konfirmanter i 2021. Stig Ottar har ledet

Diakoniutvalget hadde som vanlig et aktivt år med besøkstjeneste og hjelpesending til Estland, på tross av pandemien

Kirkemusikalsk utvalg. Dette utvalget arbeider bl.a. for å få til sang- og salmekvelder og konserter i kirkene. I tillegg arbeider utvalget for å få sang- og musikkinnslag i gudstjenestene.

Det ble holdt en sang og salmekveld i adventstida hvor vi konsentrerte oss om julebudskapet. **Gudstjenesteutvalget.** Gudstjenesteutvalget ble ferdig med sitt store arbeid i 2012 og har hatt rolige år etter at liturgiheftene kom i bruk.

Trosopplæringsutvalget. På Stemshaug har det vært delt ut 2-års, 4-års og 6-års bøker til den yngre garde.

Menighetsbladet Det har kommet 4 utgaver av menighetsbladet i 2021. Soknerådet har stått for utleveringen.

Andre saker

Sommerens dugnad hadde 15 deltagere på tross av at den skjedde på en inneklemt fredag før 17. mai. Som vanlig var rydding og maling de viktigste aktivitetene.

Under Aureveka hadde vi åpen kirke, det praktiske ble organisert av Irene. Alexey spilte to av dagene og totalt kom det 62 besøkende.

Visitasen ble på tredje forsøk gjennomført i juni. I den anledning ble det kveldsgudstjeneste i Stemshaug på onsdagen.

Økonomien i soknet er svak, resultatet ble et overskudd på kr 906,00

Blomsterfondet har kr 202 190,43 på hørentekonto og 5 250,32 på brukskonto. Det brukes litt hvert år til blomster etc. på kirkegården.

Skipnesstiftinga er avviklet og overført til et fond med samme formål og organisering som stiftinga. Fondet hadde Kr 634 698,66 ved overgangen.

Soknerådet er avhengig av mange frivillige og takker alle disse for innsatsen i 2021.

Soknerådet vil og takke de ansatte på kirkekontoret for støtte og godt samarbeid i 2021.

Lederen vil også takke de andre medlemmene av soknerådet for innsatsen i 2021.

Trøneset 2022-01-31

Kåre Johansson
(leder)

Aure sokn 2021

Tre store hendingar har satt sitt preg på året 2021 i soknet.

For det første Koronapandemien.

Pandemien har ført til mykje ekstra arbeid og redusert aktivitet.

For det andre Bispevisitas 8/6 - 13/6.

Etter 2 utsettingar av visitasen, ein sist på året 2020 og ein først på 2021, vart visitasen halde i juni dette året.

For det tredje at vår kjære sokneprest Per Eilert Orten har vore sjukmeldt dette året og som følge av helsetilstand har han sagt opp stillinga som sokneprest i Aure frå 01.12.21.

Andre saker

- Høyring om framtidig organisering av kyrkja. Svaret frå oss vart nei til prostifellesråd og ja til ei arbeidsgjevarlinje.

- 22. juli markering 10 år.

Det var open kyrkje frå kl 12.00 – 14.00.

Klokking 12.00 - 12.05.

- Menighetsbladet.

Sokneråda har kjørt ut bladet på dugnad dette året også.

- Gåve frå sal av Lesund Bedehus.

Vi fekk som gåve til konfirmant- og trosopplæringsarbeidet i alle tre sokna kr 10 000.-

Gåva er til alle tre sokna i Aure.

Takk til Lesund for den fine gåva.

- Offerinntekter.

Offer til egne og eksterne formål har gått merkbart ned dette året også. Noko som er naturleg med redusert aktivitet og avgrensingar i antall deltakarar i forsamlinga.

- Diakoni, trosopplæring og konfirmantarbeid. På tross av pandemien er det utført godt arbeid på desse felta dette året også, fordi tillitsvalgte i lag med administrasjonen har tatt ansvar og stått på.

- **Utfordring: manglande tilsette i trosopplæring og konfirmantundervisning.**

Vi manglar tilsette i trosopplæring og konfirmantundervisning.

Dette er små stillingar som har vore vanskelege å rekruttere til.

På felles soknerådsmøte ba vi kyrkjeverga greia ut om det er mogleg å få til ei kombinert stilling som omfattar trosopplæring, konfirmantundervisning og diakoni.

- Soknerådsmøte

I 2021 har vi hatt 5 soknerådsmøte. Av desse er eit i lag med Tustna og Stemshaug. Eitt fellesmøte for året er tradisjon. I år var det vår tur å stå som arrangør.

Til slutt vil vi rette ein stor takk til alle ansatte, alle frivillige og alle tillitsvalgte for det gode arbeidet dykk har gjort i 2021.

Gud velsigne dykk alle.

Ivar Husby Kjell Pettersen
Ragnhild Finset Arne Mastad
Helge Aukan Magnar Lien
Kjell Inge Alvsvåg Marita Torset



Livets gang

Aure kyrkje

Døpte:

16.01 Håkon Oldervik Sundsby

Døde:

01.12.21 Alette Sletta f. 1935
 22.12.21 Kåre Aakvik f. 1929
 07.01.22 Eldrid Skogan f. 1949
 (bisetting)
 10.01.22 Edel Ellen Ormset f. 1932
 13.01.22 John Magne Stavnes f. 1943
 28.01.22 Olav Arne Ellingsgård f. 1953
 04.02.22 Audun Strupstad f. 1940
 04.02.22 Astrid Marie Sandnes Sletta
 f.1944 (bisetting)
 03.02.22 Torå Edvarda Glasø f. 1927
 21.02.22 Ruth Elisabeth Torseth f. 1926
 13.03.22 Anne Mari Ertvaag f. 1949

Gullstein kirke

Døpte:

13.03 Rikke Sylthe Skar

Døde:

30.11.21 Kjellrun Franzy Fuglevåg f. 1932
 16.12.21 Alf Oddvar Nordli f. 1938
 04.01.22 Tore Johan Nygård f. 1930

Stemshaug kyrkje

Døpte:

23.01 Aud Hjelen Vaag
 20.02 Tobias Wigum Hagen

Døde:

23.02.22 Gjertrud L. Hjelanes f. 1925

Vareminnesider.no – dødsannonsar frå heile landet

Aure, Stemshaug og Tustna sokn

Adresse:

Aursundsvegen 147
 6690 Aure
 post@arekyrkje.no

Sokneprest:

Per Eilert Orten: 908 94 398

Kyrkjekontoret, Aure

Tlf: 71646251
 Kontortid:
 Ty-, to-, og fredag
 kl 0900-1300
 www.aurekyrkje.no

Telefonar:

Kyrkjeverje:
 Judith Bjørk: 924 35 280
 Organist:
 Alexey Kurbanov: 924 30 113
 Kyrkjetenar/
 kyrkjegardsarbeidar, Aure:
 Kjell Arnold Fagerlie: 932 19 835
 Kirketjener/Kirkegårdsarbeider Tustna:
 Roger Steen
 468 62 240
 Sekretær Dordi Signe Oldervik
 479 75 472

Kyrkjelydsarbeidar:

Judy Rangnes 479 75 083
 Konfirmantlærer
 Stig Ottar Jensen
 414 77 533
 Ansvarleg for trusopplæringa
 Vakant

Bladstyre:

Jan Ove Krutvik: 915 21 410
 Asbjørn Barlaup: 482 37 889
 Einar Ørbog, Miriam Finset Ingvaldsen,
 Brit Nilsen, Ann-Mari Ullsnes,
 Anne Marie Moltubakk og
 Judith Susanne Bjørk

Menighetsbladet kontonr.

4068.30.04415
 VIPPS: 611170

Trykk:

Orkla Grafiske AS
 Tlf. 72 48 23 20

E-post:

ole-kristian@orklagrafiske.no
 www.orklagrafiske.no



Gravsted-tjenester



- Stell av graver • Pusser opp skrift i stein, • Gull (22 karat). • Sølv, hvitt og sort lakk.
- Vask av steiner og fundament, Vi fjerner mose og groe
- Oppretting av skeivt gravminne.
- Vi selger og nye gravminner, samt inn hugging av nye navn.
- Lys, lykter og bronse artikler.

Smøla, Aure, Hitra, Frøya og Heim - Tlf 91568305
 gravstedtjenester@gravstedtjenester.no

TA KONTAKT MED JAN FRODE
 JOHNSEN PÅ 91568305

gravstedtjenester@gravstedtjenester.no



ØYVILT

6694 Foldfjorden
 TLF: 915 75 803

Vilt-Fisk-Fiskemat

Ring oss på
 481 57 263 / 915 75 803
 for en hyggelig prat.



Vi tilbyr catering til alle
 anledninger

- Dåp
- Konfirmasjon
- Minnesamvær
- Bryllup
- Møtemat og lunsjer

Vi kan tilby en variasjon
 av retter; koldtbord,
 tapas, snitter, varmretter
 og desserter.



Gudstenester

Med atterhald om endringar
– følg med i aviser og oppslag og på
websiden www.aurekyrkje.no

APRIL:

03-04-22	11.00	Aure kyrkje	Høgmesse	
10-04-22	12.00	Skihytta Foldfjorden	Friluftsgudsteneste	Palmesøndag
14-04-22	19.00	Aure kyrkje	Høgmesse	Skjærtorsdag
15-04-22	11.00	Stemshaug kyrkje	Høgmesse	Langfredag
15-04-22	16.00	Sør- Tustna kapell	Høgmesse	Langfredag
17-04-22	11.00	Aure kyrkje	Høgmesse	1. påskedag
17-04-22	16.00	Gullstein kirke	Høgtidsgudstjeneste	1. påskedag

MAI

01-05-22	18.00	Aure kyrkje	Samtalegudsteneste	
01-05-22	20.00	Gullstein kirke	Samtalegudsteneste	
08-05-22	11.00	Gullstein kirke	Konfirmasjonsgudstjeneste	
15-05-22	11.00	Aure kyrkje	Konfirmasjonsgudstjeneste	
17-05-22	10.00	Aure kyrkje	Festgudsteneste	17-mai
17-05-22	12.00	Gullstein kirke	Festgudstjeneste	17-mai
22-05-22	11.00	Stemshaug kyrkje	Konfirmasjonsgudstjeneste	
26-05-22	11.00	Gullstein kirke	Høgtidsgudstjeneste	Kristi himmelfartsdag

JUNI

05-06-22	11.00	Aure kyrkje	Høgmesse	1. pinsedag
12-06-22	11.00	Stemshaug kyrkje	Høgmesse	
19-06-22	11.00	Gullstein kirke	Høgmesse	

Statistikk for 2020 og 2021

	Aure 2020	Aure 2021	Stemshaug 2020	Stemshaug 2021	Tustna 2020	Tustna 2021
Dåp	11	13	8	1	6	4
konfirmanter	12	17	5	8	4	4
vigsler	1	0	0	1	1	1
gravferd	22	20	11	8	15	10
gudstenester	31	20	13	12	12	12
deltakere på gudstenester	1738	1074	661	335	441	405
sum offer	38295	59259	22646	19869	17202	19481
offer til egen virksomhet	32207	47052	15545	16078	7696	11202
andre innsamlinger/gaver	130396	201692	12782	790	1964	17060

Returadresse:
Menighetsblad
v/ Aure kyrkjekontor
Aursundvegen 147
6690 Aure




Håkon Oldervik Sundsby døpt i Aure kyrkje 16.01.22.



Alvin Fagermo Golmen døpt i Gullstein kyrkje 05.12.21.

Tenn lys for fred

Diakoniutvalget arrangerte lystenning for fred i forbindelse med krigen i Ukraina. Vi hadde åpen kirke lørdag 5/3 fra kl. 14-16 der folk kunne komme å tenne lys, samt skrive bønnelapper som ble lagt i en bønnekrukke. Disse ble lest opp under forbønn under søndagens gudstjeneste.



Arrangementet ble holdt på litt kort varsel, så det kom en 14 stk. innom på lørdag.

Noen satt en stund, og en spesiell ro var det å være der.

Takk til Alexey som stilte opp og spilte disse timene.

Brit Nilsen

